



MELAND KOMMUNE

Pb 79, 5906 FREKHAUG

Tlf.: 56 17 10 00

Til elevar, foreldre og føresette ved
Vestbygd skule, Rossland skule og Meland ungdomsskule

Frekhaug 01.11.18

Informasjon om budsjett 2019 for Meland kommune

I dag får politikarar i Meland lagt fram administrativt forslag til budsjett for 2019. Fordi innhaldet i dette forslaget omfattar endringar på skulesektoren, vel vi å informere heimane på dei mest involverte skulane. Endeleg vedtak om budsjettet blir ikkje gjort før i kommunestyret i desember.

Rådmann er forplikta til å leggje fram eit budsjett i balanse, noko som har vore krevjande i år. Årsaka til dette er sviktande inntekter (reduisert folketalsvekst og bortfall av vekstkommune-tilskot) og over tid eit høgare aktivitetsnivå enn inntektsnivået skulle tilseie. På skulesektoren har vi ekstra kostnader på grunn av deling i målform nynorsk/bokmål som gjer at vi har fleire klassar med låge elevtal.

Fleire tiltak er vurdert og eit mogleg tiltak er endring i skulestrukturen frå skuleåret 2019-2020. Forslaget er no å leggje ned ungdomstrinnet på Rossland og flytte elevane til Meland ungdomsskule. Eit anna tiltak er å leggje ned 5.-7.trinn på Vestbygd skule og flytte elevane til Rossland skule, samt å leggje ned SFO på Rossland skule og tilby SFO for desse elevane på Vestbygd skule.

Fordelar og ulemper er vurdert og er skissert i sjølve budsjettdokument. I tillegg til å sjå på skulestruktur, vil ein på alle skulane skjære ned på ulike tiltak for å kutte i utgiftsnivået. Til dømes vil skulane ikkje kunne gjennomføre ekskursjonar.

Budsjettprosess vidare:

- Formannskapet har budsjettseminar 8.-9. november
- Innstilling frå formannskapet 14. november
- Offentleg høyring av budsjettframlegget frå 14. november
- Endeleg vedtak i kommunestyret 14. desember

For meir informasjon kan de ta kontakt med rektor på den aktuelle skulen.

Med vennleg helsing,

Monica Vabø Reigstad
Rektor Vestbygd

Hogne Brunborg
Rektor Rossland

Hilde Brendehaug Hugaas
Rektor Meland ungdomsskule